

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Ottersøy

Emne: Folkelige musikkinstrument

Bygdelag: Ottersøya

Oppskr. av: Johs. Ekker

Gard: Engesvik

(adresse): Fosslandsosen

G.nr. 19 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigi røynsle og det eg har høyrd.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR


Eg vil først få seie at eg ikkje kan gje nokko svar på dette som det er nokon mónn i. Heller ikkje veit eg nokon annan i bygda å sende spørsmåla til. Her er nok ein musikalsk og musikkinteressert mann, han er etter høvet ung og for få år sia komi frå ei anna bygd. Eg veit heller ikkje noko om hans interesse for lokal musikhistorie. I kvart fall ville tilfanget frå han vedrøre ei anna bygd, og derifrå vil De ventelig få svar gjennom andre kjeller. Eg får difor svara kurisorisk utan å ta oppatt dei ymse punkta.

Eg twiler på at det i det heile har vori nokon lokal musikktradisjon her. Eg har aldri høyrd noko om det. Dei økonomiske kåra for folk her var i gamle dagar små, og det vart lite overskott til det kulturelle.

Såvidt eg skjøner var det fela som frå gamalt var brukt, og ho vart brukt når det skulle vera dans. Trekkspillet kom visst seinare. Og det var nok mange meir eller mindre gode felespelarar. Eg veit ikkje om at det vart brukt anna enn vanlig fele. Heller ikkje har eg kunna finne ut at her var nokon som gjorde feler, og namna på dei ymse delene av fela var nok dei same som no.

Etter dei første seminaristar kom (ja, kanskje før og) var salmodikon brukt i skolen, og songinteresserte også utanom skolen hadde dette instrumentet. Eg arva ein slik frå mi fastar som døydde ung. Med denne fylgte 4 tynne stavar, ca. 4 a 5 cm. breie, til å leggje på skalabrettet. På kvar av desse stavane var skrivi 4 skala-ar, 2 på kvar sida imot kanten. Det vart altså ialt 16 skala-ar. Ein hadde altså å velje rette staven og snu han rett, så hadde ein smudd opp den skalaen, ein ville spela i.

Lur: Eg har høyrd snakk om neverlur, men aldri sett ham. For millom 20 a 30 år sia såg eg rest av ein lur på ein gård i bygda, men hugsar ikkje nett korleis han såg ut. Eg har sia spurd etter tingem, men den er ventelig ikkje no å finne. Eg spurde myst ein 80 år gammal mabo om lur. Far hans hadde eingong laga ein olderlur til han med dei sat og venta på at kvernvatnet skulle koma. Han laga'n med tolkniven i 2 deler, utgravi på flatsia, så når delene vart lagt saman, vart det altså hol langsetter inni. Dette vart i nedre enden gjort vidare (trompet). Øvre enden vart sneidd med kniven. Over opninga dervart lagt ei tynn tunge av einer, snøgra attå nedanfor holet, men fri i øvre enden så ho kunne vibrere. Instrumentet hadde visst fingerhol og.

Bukkehorn: Den granne enden avsneidd så opninga kom fram. Ei tynntunge av einer over som på den nemnde olderluren. Fingerhol. Høyrdest langt. 

Larminstrument: Av slike i bygda har eg berre høyrd om kråkeskramla. Eg har visst ein gong sett ei kråkeskramle. Det var ei lita grind til å bera i handa. Millom sprautane var trædd nokre stive sponer, slik at dei sat fast. For enden av desse sponane ein rull med furer langsetter. Han kunne veivast rundt med eim veiv. Når ein veiva denne rullen rundt, gnudde han mot sponane, og det vart ei skrikande stygg låt. Dei brukte visst denne innretninga til å skramle kråke, verg og kanskje andre skapningar som dei ville halde borte.

Til siste skrivet om emne 6. Som ein vil skjøna
av det som står frammafor finns det visstnok ikkje slikt her
til utlån for den nemnde utstellinga. Men eg kan halde på
skrivet, og dersom eg kjem over noko, skal eg melde frå.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY